



Arkivnr: 2015/3680-15  
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		18.10.2017
Fylkesutvalet		26.10.2017

## Sykkelbyavtale - Fjell kommune

### Samandrag

Fjell kommune vedtok den 18.05.2017 om å inngå sykkelbyavtale med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen (SVV), sjå vedlegg. Det er eit stort potensial for å auke sykkelbruken i Fjell, og ved å inngå sykkelbyavtale vert sykkelsatsinga styrka og kommunen vert prioritert ved tildeling av statlege tilskotsmidlar for sykkeltilrettelegging. Hensikta med ein sykkelbyavtale er å etablere eit felles grunnlag for partanes sykkelsatsing ved å definere mål, formålstenlege arbeidsformer og sikre ressursane. For å kome i betraktning i søknadsprosessen om midlar for 2018 er det formålstenleg å inngå sykkelbyavtale for Fjell kommune som vil vere gjeldande frå 2017 – 2020.

**Økonomi:** Fylkeskommunen sett av kr 200 000,- til Sykkelbyen Fjell over fylkesvegbudsjettet. I tillegg vert føremålet finansiert over riksvegbudsjettet og tilskot gjennom den nasjonale ordninga «*Tilskuddsordning til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner*»

**Klima:** Tilrettelegging for auka sykkelbruk har som målsetting å få fleire til å nytte sykkel framfor privatbil. Ein slik utvikling vil ha ein positiv påverknad på klimautslepp frå transportsektoren.

**Folkehelse:** Auka sykkelbruk bidreg til ein meir aktiv befolkning og ha ein positiv effekt på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Fylkeskommunen har som langsiktig mål at fylket skal vere meir berekraftig, og legg til rette for ein meir klima- og miljøvenleg utvikling. Å stimulere til auka sykkelbruk vil vere eit steg i riktig retning for å nå målsettingane i Regional planstrategi.

### Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen går inn for å etablere sykkelbyavtale med Fjell kommune og Statens vegvesen for perioden 2017 – 2020.
2. Det vert årleg sett av kr 200 000,- til føremålet over fylkesvegbudsjettet

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 03.10.2017

### Bakgrunn

Fjell kommune vedtok den 18.05.2017 om å inngå sykkelbyavtale med Hordaland fylkeskommune og SVV. Samstundes søkte kommunen om statlege midlar gjennom «*Tilskuddsordninga til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner*». Kommunar som har ein sykkelbyavtale er prioritert ved tildeling, og for Fjell kommune vil det vere eit fortrinn å inngå ein sykkelbyavtale gjeldande for 2017 – 2020.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om rammeverk og ressursbruk knytt til inngåing av ei sykkelbyavtale med Fjell kommune.

### Om sykkelbyavtalen

Sykelbyane er prioritert i den nasjonale tilskotsordninga til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Denne ordninga vart etablert i 2014/2015 og vert administrert av SVV på vegne av Samferdselsdepartementet. Formålet er å bidra til ein raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkomme for gåande og syklende. For å kome i betraktning i søknadsprosessen om midlar for 2018 er det formålstenleg å inngå sykkelbyavtale gjeldande frå 2017 – 2020.

Ein sykkelbyavtale omhandlar målsettingar og strategiar for sykkelsatsinga, samt organiseringa av arbeidet og ressursbruk, både når det gjeld økonomi og fagfolk som inngår i prosjektet. Avtalen skal sikre eit felles grunnlag for det vidare arbeidet med sykkelsatsinga, gjennom felles mål, oppgåver og formålstenlege arbeidsformer.

Fjell kommunen har eit stort potensial for å auke sykkelbruken i kommunen. Kommunen opplever stor tilflytting og har ein relativt ung befolkning. Fjell kommune har i sin sykkelstrategi fire målsettingar:

1. *Det skal vere trygt å sykle*
2. *Fleire skal sykle*
3. *Det skal vere raskt og attraktivt å sykle*
4. *Vi skal ha ein positiv sykkelkultur*

Økt satsing på sykkel og gange er ei nasjonal og regional målsetting som er forankra i ein rekke plan- og strategidokument. SVV har eit sektoransvar for sykkel og det inneber mellom anna ansvar for å spreie kunnskap og kompetanse om tilrettelegging for å auke sykkelbruken. SVV har oppretta eit sykkelbynettverk for tilsette i kommunar, fylkeskommunar og Statens vegvesen som er partar i ein sykkelbyavtale. Sykkelbynettverket arrangerer mellom anna temasamlingar og studieturar som er retta mot både fagfolk, planleggarar og beslutningstakarar. Sykkelbynettverket har nå 110 medlemmer; 89 kommunar, 16 fylkeskommunar og dei 5 regionane i Statens Vegvesen. Hordaland fylkeskommune er saman med kommunane Bergen og Stord med i nettverket, og målsettinga er å få fleire Hordalandkommunar med. I Regional Transportplan 2019 - 2029 er eit av tiltaka å vurdere sykkelbyavtale i dei ulike regionsentra i fylket.

### Fylkeskommunen som part i avtalen

I sykkelbyavtalen er det føresett at det vert sett av ressursar til sykkelsatsing både på fylkeskommunen sitt fylkesvegbudsjett og gjennom SVV sine riksvegmidlar. Fylkeskommunen har bidrege med 200 000,- kr årleg til tilsvarande sykkelbyavtalen på Stord og vil bidra med tilsvarande sum for avtalen i Fjell kommune. I tillegg bidreg fylkeskommunen med faglege og administrative ressursar.

### Fylkesrådmannen sin tilråding

Fylkesrådmannen meiner prosjektet «Sykkelbyen Fjell» har ein viktig funksjon for å synleggjere og formalisere sykkelsatsinga lokalt. Ein sykkelbyavtale er forpliktande for partane, og det vert stilt krav til deltakarane om å fokusere særskilt på sykkel i planarbeid og gjennom ulike arrangement og kampanjar.

Både infrastruktur og «mjuke tiltak» er viktig å ha med i eit sykkelfremjande arbeid, og som medlem av eit sykkelbynettverk vert arbeidet enklare. Sykkelbyer er også prioritert i søknad om ekstra midlar gjennom den nasjonale tilskotsordninga. Fylkesrådmannen vil anbefale å inngå sykkelbyavtalen med Fjell kommune. Det vert sett av kr 200 000,- årleg til dette på fylkesvegbudsjettet. I tillegg bidreg fylkeskommunen med naudsynte faglege og administrative ressursar.